

Vasking og reinsing av pelssauskinn

Etter ein del bruk, kan det bli naudsynt å vaska eller reinsa skinnet. Vask skinnet på same måte som ullplagg. Skinn med ull mindre enn 10 cm kan vaskast i maskin. Skinn med lengre ull må vaskast for hand. Etter at skinnet er avrennt, skal det gniast godt inn på kjøtsida med flytande handsåpe (t.d. Lano) og hengjast til tørk ute eller inne i eit trekkfullt rom. Etter tørking vil skinnet krympe og stivne noko. For at skinnet skal forbli mjukt, skal det strekkast i alle retningar før det er heilt turt. Bruk alle krefter! Ulla bør kardast eller børstast når skinnet er turka.

Reinsing av skinnet kan utførast på eit reinseri.

